

For laboratoriet	
Prøve ID	
Mottat (sign/dato)	

Namn på kunde eller oppdragsgjevar *					
Adresse *			Telefonnr. *		
*E-postadresse:			E-postadresse * :		
			Kopi :		
Postnr. *	Poststad *	Faktura til* (EHF, e-post eller personnr.)			
Dato og Signatur *					
.....					
(Prøvetakar stadfestar bestillinga, og følgjeskjemaet er å sjå på som ein avtale mellom kunde og SunnLab as).					
Opplysningar om prøvane					
Prøvetakingsstad*	Dato og klokkeslett for prøvetaking *	Prøvemerkning	Prøvetype (råvare, varmebehandla e.l)	Analysar de ønsker analysert *	Kommentar

* Må fyllast ut av kunde

Generell rettleiing om prøveuttak

Det er viktig at prøvane blir tekne ut på ein slik måte at dei blir mest mogleg representative for det materialet som skal analyserast. Ei einskild stikkprøve gjev oftast ikkje godt nok grunnlag til å kunne vurdere eit produkt eller hygienien til ein produsent. Ein bør derfor vurdere å ta fleire stikkprøvar av eit prøvemateriale, eller å ta ut fleire prøvar over tid.

Mikrobiologiske analysar

Ved val av mikrobiologiske analysar er næringsmiddelhygieneforskrifta nyttig. Den gjev ei oversikt over bakteriologisk kvalitet i ulike typar matvarer. Vi gjer merksam på at produkt som er tilsett rømme, yoghurt e.l. alltid vil ha eit høgt kimal (totalt tal på bakteriar), fordi desse matvarene er framstilte ved hjelp av mjølkesyrebakteriar.

Korleis ta ut prøven

- Oppbevar prøven i originalemballasje eller overfør sterilt til sterile prøvebeger. Prøvematerialet må ikkje komme i kontakt med kjelder til forureining
- Ved uttak av prøvemateriale i sterile beger kan ein nytte skei eller kniv i metall som er dyppa i sprit og brent av.
- Ta ut ei representativ mengde av prøvematerialet, unngå berøring og skru lokket godt igjen. Unngå også at prøveemballasjen blir forureina på utsida. Dersom prøven blir teken ut på uriktig måte, vil analyseresultatet vere usikkert
- SunnLab sender ut sterile prøvebeger på oppmoding

Lagring og

Hugs at bakteriar formeirar seg raskt. Lagring ved for høge temperaturar kan føre til bakterieoppblomstring i prøvane. Dei bør derfor lagrast kjølig i tida mellom prøveuttak og analyse. Bruk kjølebag med kjøleelement eller liknande ved sending. Spesielt gjeld dette ved varmt ver og dersom transporttida overstig 4 timar. Kjøleelement må ikkje ligge så nær prøvane at dei frys. Prøvane må sendast så raskt som mogleg, og tida frå prøveuttak til analyse bør ikkje overskride 24 timar. Prøvar bør ikkje sendast pr. post (eventuelt kan ekspress over natt nyttast).

Bruk god tid til utfylling av dette skjemaet. Informasjonen er nyttig og ofte naudsynt for at laboratoriet skal gjere ein best mogleg jobb.

Generelt om analysar og prøvingar, og bruk av underleverandør

Analysar og prøvingar: Opplysningar om akkrediteringsstatus, metodikk, målevisse, deteksjonsgrenser og pris får du ved å ta kontakt med oss i SunnLab as. Oppdatert akkrediteringsstatus finn du òg på Norsk Akkreditering si heimeside, www.akkreditert.no. Testnummeret til SunnLab er TEST 114.

Underleverandør: Vi brukar underleverandør for analysar vi sjølv ikkje kan utføre. Ved å signere følgeskjema ser vi på det som at bruk av underleverandør er akseptert av kunden.

Ta gjerne kontakt med oss om det er noko du lurar på med prøvetakinga, eller om du har andre spørsmål du trur vi kan hjelpe deg med.

© SunnLab as

Holtemyrane 6

6814 FØRDE

Tlf. 57 72 39 50

post@sunnlab.no